



# Årsplan 2012-2013

## **Innholdsliste:**

- **Velkommen til Gjerdane barnehage** side 2
- **Opningstider** side 2
- **Barnehageplassar** side 2
- **Personalet** side 3
- **Informasjon til foreldra** side 3
- **Foreldreråd og samarbeidutval** side 4
- **Organisering av kvardagen** side 5
- **Det pedagogiske arbeidet** side 5
- **Kvalitetssikring (Beste praksis)** side 7
- **Fagområda i rammeplanen** side 8
- **Gullfisken** side 11
- **Marihøna** side 13
- **Sommarfuglen** side 15
- **Førskulegruppa** side 16
- **Aktivitetar gjennom året** side 18



## VELKOMEN TIL GJERDANE BARNEHAGE!

Gjerdane barnehage er ein kommunal barnehage som ligg nært Nordfjordeid sentrum. Vi har i år 44 barn i alderen 0-6 år, fordelt på 3 avdelingar; Gullfisken (0-3 år), Marihøna (3-6 år) og Sommarfuglen (2-6 år).

### Kva vil vi i Gjerdane barnehage?

- Vi vil at alle barn skal bli sett og høyrte.
- Vi vil jobbe for å gje trygghet, omsorg og mest mogleg tid til kvart enkelt barn.
- Vi vil behandle barna rettferdig, og behandle kvar enkelt som det unike barnet det er.
- Vi vil vise barna tillit og respekt.
- Vi vil vere tydelege vaksne og gode rollemodellar.
- Vi vil gje rom for undring, utforsking og nysgjerrighet.
- Vi vil gje barna ein ryggsekk av kunnskap, egenskapar og opplevingar som det kan ta med seg vidare i samfunnet.



### Opningstider:

Barnehagen er open frå 6.45 til 16.30 alle kvardagar. Barnehagen er stengd i påskeveka, og mellom jul og nyttår.


Planleggingsdagar dette året:

15.august 2012

8. og 9. oktober 2012

2.januar 2013

10.mai 2013



### Barnehageplassar:

Samansetjing av barnegruppa vert gjort om våren ved opptak til nytt barnehageår. Vedtektene for opptak står i vedtektene for barnehagane i Eid kommune.

## **Personalet:**

Tove H. Starheimsvik 100% Styrar

### Gullfisken:

Laila Dahlgren 80% Pedagogisk leiar  
Marte Starheimsæter 20% Pedagogisk leiar  
Elna Aaning Olsen 60% Fagarbeidar  
Haldis Lindset Nesbakk 80% Fagarbeidar  
Doris Stave Kolseth 70% Fagarbeidar

### Marihøna:

Sissel Høynes 80% Pedagogisk leiar  
Marte Starheimsæter 20% Pedagogisk leiar  
Marry Ann Vambeseth 100% Assistent  
Roger Nygård 100% Assistent  
Brit Moheim 80% Støtteassistent

### Sommarfuglen:

Torill Espelund 100% Pedagogisk leiar  
Mette Navelsaker Hjelle 80% Fagarbeidar  
Bodil Nygård 80% Assistent  
Elna Aaning Olsen 20% Fagarbeidar  
Haldis L. Nesbakk 20% Fagarbeidar

### Spesialpedagogar:

Marit Remme  
Grethe Nyland

I tillegg kan BUP, barnevern, fysioterapeut og PP-tenesta vere innom barnehagen og jobbe. Foreldre til barn som er tilknytte desse tenestene har gitt samtykke til dette. Alle som jobbar i barnehagen har teieplikt. Personalet går vakter. Barnehagen kan kome til å ta imot studentar, skuleelevar og praksisplassar utover året.

## **Informasjon til foreldra**

Vi ønskjer at barna skal trivast og utviklast i barnehagen. For å få til dette er vi avhengige av god kommunikasjon mellom heimen og barnehagen. Vi ønskjer at samarbeidet skal vere prega av tryggleik, tillit og respekt.

Vi har eit foreldremøte og 1-2 foreldresamtaler pr år. Ønskjer de samtaler utanom dei oppsette tidene, ta kontakt med pedagogisk leiar på avdelinga. Den daglege kontakten mellom heim-barnehage er den kontakten som er viktigast i forhold til barnet sin kvardag. Her kan ein utveksle aktuelle ting som gjeld kvart barn til ei kvar tid, både i barnehagen og heime, og kan utifrå det gjere barnehagedagen best mogleg for barnet.

Informasjon til foreldra blir formidla ut frå avdelingane på ulike måtar; Månadsplanar, vekeplanar, infoskriv og anna informasjon. Det er litt ulikt frå avdeling til avdeling korleis informasjonen blir utsendt; nokon sender ut i papirform og nokon sender ut på e-post. I tillegg blir det i nokre tilfeller sett opp oppslag på avdelingane. Samarbeidutvalet er ein annan form for samarbeid mellom heim-barnehage.

## **Foreldreråd og samarbeidsutval**

For å sikre samarbeidet med heimane, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval. Foreldrerådet består av foreldrene/dei føresette til alle barna i barnehagen.

Samarbeidsutvalet består av 2 representantar frå foreldrerådet, 2 tilsette og eigar av barnehagen. Styrar har møte-, tale- og forslagsrett i samarbeidsutvalet, og fungerer også som sekretær.

Samarbeidsutvalet sine oppgaver,

- Rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ.
- Arbeide for eit godt barnehagemiljø for barn, foreldre og personale.
- Arbeide for å fremje kontakt mellom barnehage og lokalsamfunn.
- Fastsetje årsplanen for barnehagen.
- Samarbeidsutvalet konstituerer seg sjølv.

Representantar i samarbeidsutvalet og verneombod dette barnehageåret er:

### **FORELDRA:**

- Solveig Sandven Kjesbu
- Vara: Ragna F. Haugland
- Marita Tolaas
- Vara: Grethe Nyland

### **PERSONALE:**

- Mette Hjelle
- Vara: Haldis Nesbakk
- Sissel Høyenes
- Vara: Laila Dahlgren

### **EID KOMMUNE**

**SEKRETÆR:** Tove H. Starheimsvik

**VERNEOMBOD:** Elna Aanning Olsen

Webjørn Moa

## Organisering av kvardagen.

Dagsrytmen i barnehagen er i grove trekk lik for alle avdelingane for å oppnå mest mogleg heilskap i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet. Det vil vere variasjonar med omsyn til alder, barnegruppe og aktivitetar.

06.45	-Barnehagen opnar. Leik, ulike aktivitetar
07.30-09.00	-Frokost for dei som har med det.
9.30-14.00	- Dette er kjernetida i barnehagen. Denne brukar vi på ulike aktivitetar, både planlagde og frie. (t.d turar, samlingar, lesestunder, formingsaktivitetar, kviling og frileik.)
11.30	-Måltid der barna smørjer maten sin sjølv.
14.00	-Fruktmåltid med knekkebrød/skiver
16.30	-Barnehagen stenger

Frå 6.45 til 7.30 er det berre ei av avdelingane som er open. Foreldra er då ansvarlege for å levere barna på den avdelinga som er personale på.



Enkelte dagar kan vi finne på andre ting enn det som er sett opp på planane, og kan av og til snu om på dagsrytmen dersom det passar betre til det som skal skje i barnehagen.

Organiseringa av dei ulike aktivitetane varierer mellom å arbeide i aldersblanda eller aldershomogene grupper, avdelingsvis eller på tvers av avdelingane.

Referat frå kvardagen får de munnleg med personalet, og/eller på whiteboardtavlene i garderobane.

## Det pedagogiske arbeidet:

**SOSIAL KOMPETANSE.** "Sosial kompetanse utviklast kontinuerlig gjennom handlingar og opplevingar. Det skjer i alle situasjonar gjennom heile dagen" (Rammeplanen)

Dagleglivet i Gjerdane barnehage skal gjennom innhald og arbeidsmåtar vere med å styrkje barna sin sosiale kompetanse. Dette arbeidet vert gjort gjennom arbeid i grupper og individuelt saman med barna. Gjennom førskulealderen er leiken ein veldig viktig del av barnet sitt liv, og dermed ein viktig del av tida her i barnehagen. Gjennom leiken får barna høve til å utvikle dei ferdigheiter ein treng for å utvikle seg som person/menneske/medmenneske. Leiken hjelper

barna til å bearbeide det ein har opplevd, samstundes som ein skaffar seg nye erfaringar, - ein kan skape, gjenskape, lære, konstruere og oppdage. I leiken kjem barnet i kontakt med andre barn og vaksne, og får såleis erfare korleis andre menneske reagerer og tenkjer - dei får innsyn i korleis vi fungerer saman. Dette er med på å gje barna sosial kompetanse.

Målsettinga vår for å jobbe med sosial kompetanse:

- Barna skal bli gode på å ta med fleire i leiken. Vi vil ikkje at nokon skal kjenne seg utestengde. Her skal vere plass til alle.
- Barna skal bli gode på å snakke til, og om kvarandre på ein positiv måte.
- Barna skal bli gode på å dele med kvarandre, hjelpe kvarandre og vise omsorg for kvarandre.
- Barna skal bli gode på å høyre på kvarandre. Dette gjeld både i leik og i andre situasjonar der barna vil fortelje noko. Det gjeld også når vi skal ta imot beskjedar.
- Barna skal bli gode på å løyse konflikhtar. Målet må vere at barna brukar språket meir til konfliktløysing enn å løyse konfliktane fysisk.

Minst ein gong i veka blir barna delte inn i grupper på tvers av avdelingane. Dette har vi gjort siste åra for å gje barna større mulighet til å bli kjende med dei som er jamnaldrande, og for å kunne lage eit opplegg som er tilpassa akkurat den aldersgruppa som barnet er i. Vi har tidlegare hatt grupper for dei 3 eldste årstrinna, men har i år laga ei ny gruppe som også er for 2 åringane. Alle desse 4 gruppene blir på torsdagane i år.



**Rødkløverane** er førskulegruppa som er fødde i 2007

**Blåklokkene** er fødde i 2008



**Solsikkene** er fødde i 2009



**Revebjellene** er fødde i 2010




## KVALITETSSIKRING

Alle barnehagane i Eid har dei siste åra delteke på eit utviklingsprogram der ein set fokus på kvalitetsheving på arbeidet i barnehagen. Vi deler inn arbeidet vårt i ulike fokus områder og jobbar i prosessar for å bli betre på kvart enkelt område. Vi har tidlegare jobba *med sosial læring i utetida, barn og føresette sitt møte med barnehagen om morgonen, måltidet, samlingsstunda og pedagogisk likestillingsarbeid*. Kvar prosess er ei dreining i kvalitetshjulet som de ser nedanfor.

Vi vel eit felles fokusområde, der vi bestemmer oss for kva del av arbeidet vårt vi vil kvalitetssikre. Neste steg er "beste praksis". Her tek vi arbeidet ut i avdelingane. Vi beskriv korleis situasjonen er no, og set oss mål for korleis vi vil jobbe for å bli betre. Undervegs i prosessen justerer vi arbeidsmåtar og mål, og evaluerer arbeidet vårt fram mot ønska resultat. Kvar prosess vert avslutta med ei avlevering av resultat i samarbeid med dei andre barnehagane, eller innad på huset mellom avdelingane.

I første arbeidsbolc innan dette kvalitetssikringsprogrammet dette året, vil vi jobbe med fokusområdet «Klare sjølv,-av og påkledning»





## FAGOMRÅDA I RAMMEPLANEN

Rammeplanen har definert 7 fagområde som vi skal arbeide med. Fagområda opptre sjeldan isolert. Fleire vil vere representert samtidig i t.d. temaopplegg, i leik og på turar i naturen og nærmiljøet. Når vi jobbar med matematikk, jobbar vi òg med språk. Når vi jobbar med språk er det kanskje igjennom eit bilete vi målar. Fagområda går hand i hand i barnehagekvardagen.

Vi har valt å ikkje berre velje eit fagområde for heile året, men å dele inn året i bolkar på 2-3 månader, og jobbe med eit og eit fagområde. Dette gjer vi for å få meir fokus på kvart område, og for at ein skal jobbe meir effektivt med kvart emne. Avdelingane vil lage tilpassa opplegg til kvart fagområde utifrå barnegruppa, alder, utvikling og interessene til barna og foreldra. Å jobbe i bolkar som forklart ovenfor, har vi prøvd ut i førre barnehageår. Vi føler dette er ein god måte å arbeide på, og vil halde fram med denne arbeidsmåten.

### **Kommunikasjon, språk og tekst:**

Språkstimulering er ein viktig del av barnehagen sitt innhald. Både den nonverbale og den verbale kommunikasjonen er viktig for at barna skal utvikle eit godt språk. Barnehagen skal bidra til at barna får erfaring som er med på å vidareutvikle begrepsforståing og aukar ordforrådet. Barnehagen skal skape eit språkstimulerande miljø som oppmuntrar barna til å lytte, samtale, leike med rim og rytme, og til å fantasere. Barna skal verte kjende med bøker, songar, rim og regler i barnehagen. Dei skal møte symbol som bokstavar, tal og teikn til tale.

Teikn til tale vert brukt som støtte til det verbale språket. Barna lærer raskt teikn til tale, og vi ser at denne kompetansen kan vere nyttig når dei kommunisere med kvarandre og med oss vaksne. Viktige sider ved kulturoverføring er knytt til dette fagområdet.



### **Kropp, rørsle og helse:**

Barnehagen sitt mål med å jobbe med kropp, rørsle og helse er at barna skal tilegne seg gode vanar, haldningar og kunnskap når det gjeld kost, hygiene, aktivitet og kvile. Ein god balanse mellom desse faktorane er av betydning for å utvikle ein sunn kropp. Vi skal legge til rette for utvikling av motoriske ferdigheiter og kroppsbeherskelse. Barnas kontakt med andre barn startar ofte med kroppsspråk og aktivitet som er av betydning for utvikling av sosial kompetanse.

Barnehagen skal bidra til at barn får ei positiv sjølvkjensle gjennom meistring og utvikling av sin kroppsbeherskelse, grov- og fin motorikk. Barnehagen skal legge til rette for fysisk aktivitet og leik ute i alle årstider. Barnehagen sitt fysiske miljø både inne og ute skal stimulere til god motorisk utvikling.

## Kunst, kultur og kreativitet



Barnehagen har eit ansvar for å gje barna varierte opplevingar. Dei skal få oppleve kunst og kultur og få mulighet til å uttrykke seg estetisk. Gjennom arbeidet med kunst, kultur og kreativitet bidrar barnehagen til at barna tar i bruk fantasi, kreativitet og skaparglede, utviklar kunnskap om virkemiddel, teknikk og form. Barn skapar sin eigen kultur ut ifrå det dei opplever - og å oppleve ilag bidrar til samhald. Uttrykksformer som vi

kan nytte er drama, teater, musikk, forming, litteratur, kunstutstilling og andre uttrykk.

## Etikk, religion og filosofi:

Etikk, religion og filosofi er med på å forme vår oppfatning av omverda, andre menneske, haldningane og verdiane våre. Vi bur i eit multireligiøst og fleirkulturelt samfunn. Barnehagen skal reflektere og respektere det mangfaldet som er representert i barnegruppa, samtidig som den skal ta med seg verdier og tradisjonar i den kristne kulturarven. Vi vil jobbe for at barna skal tilegne seg grunnleggande normer og verdier, utvikle toleranse og respekt for kvarandre og ha kjennskap til kristne grunnverdier, høgtider og tradisjonar. Vi ønskjer også å gje barna kjennskap til tradisjonar og høgtider som høyrer til andre kulturar som er representert i barnegruppa.

Det er viktig at vi i personalet opptre som gode rollemodellar. Vi må møte barna si tru, spørsmål og undring med alvor og respekt og skape interesse og toleranse for ulike kulturar og måtar å leve på.

## Nærmiljø og samfunn:

Barnehagen skal bidra til at barna får kunnskap om natur, kunst og kultur, arbeidsliv, tradisjonar og levesett i lokalsamfunnet vårt. Barna skal få medverke i å utforske og oppdage nærmiljøet. Fagområdet omfattar også media si betydning for barna sin kvardag.

Vi i barnehagen skal bidra til at barna utviklar tillit til eiga deltaking og påverknad av fellesskapet. Barna skal få erfare at alle menneske, uansett alder, kjønn og føresetnadar, inngår i og bidrar til barnehagen sitt fellesskap.

Barnehagen skal bidra til at barna blir kjende i samfunnet, får opplevingar og erfaringar i nærmiljøet. Vi skal lære barna å bli kjent med nokon av dei historiske endringane i lokalmiljø og samfunn. Barnehagen skal lære barna å få forståing for ulike tradisjonar og levesett.

For å nå desse måla må vi som personale vere oppdatert og opptatt av samfunnet og vise interesse for barna sitt bumiljø og lokalmiljøet sine mange moglegheiter.

Vi skal bruke nærmiljøet sine ressursar til gode opplevingar og læringsmoglegheiter.

### **Tal, rom og form:**

Tal, rom og form er matematikk for barnehagebarn lært gjennom lek og eksperimentering. Barna får gjennom utforskartrøng og nysgjerrighet lært omgrep og betydinga av dei. Det er omgrep som pluss/minus, mindre/større, over/under, sortere, avstandar, vekt, volum og tid. Vi finn matematikk i kvardagsaktivitetane, til dømes når vi dekker på bordet; kor mange fat, kor mange pakkar med smør treng vi når det skal vere 2 på kvart bord og liknande. Tal, rom og form er eit tema som er lett å ta med i mange kvardagsaktivitetar og slik får barna internalisert matematiske omgrep.



### **Natur, miljø og teknikk:**



Natur, miljø og teknikk er eit stort og mangfaldig tema.

Naturen gir rom for mange opplevingar og aktivitetar til alle årstider i all slags ver.


Dette fagområdet skal bidra til at barna blir kjende med og får forståing for plantar, dyr, landskap, årstider og ver. Dei skal også få ei gryande forståing for samspelet i naturen, mellom menneske og naturen og miljøvern.

Barnehagen skal bidra til at barna får god opplevingar ut i naturen, og å bli glad i å vere ute.

Når vi er ute skal vi ta utgangspunkt i nysgjerrigheita, interessene og føresetnaden til barna. Vi skal stimulere dei til å bruke alle sansane, observere, eksperimentere, systematisere, undre seg og samtale om opplevingane. Innanfor dette fagområde kan barna lære om blant anna plantar, dyr, fuglar, fiskar, insekt, matproduksjon og ulike teknikkar.

Kvar avdeling tilpassar kvart emne til seg, utifrå barnegruppe og utviklingsnivå. Avdelingane vil presentere seg kort her, og skrive litt om kva planer og arbeidsmåtar dei har for dette barnehageåret.

## GULLFISKEN



På Gullfisken dette barnehageåret er vi tilsaman 10 barn.

- 4 barn som er 2010-modellar (2 gutar og 2 jenter)
- 6 barn som er 2011-modellar (5 gutar og 1 jente)  
Ved oppstart til nytt barnehageår var 7 av desse barna nye på avdelinga.
- 2010 modellane er og med i ei gruppe som heiter Revebjellene. Denne gruppa er for 2010-modellane som går på Sommarfuglen og Gullfisken.

**Slik ønskjer vi på Gullfisken å jobbe med dei ulike 2-3 månads bolkanane:**

### **August-september: Sosial kompetanse**

Vi vil bruke god tid på lære barna gode rutiner på dei ulike rutinesituasjonane.

- Handvask. Vi vaskar hender før måltid og etter dobesøk.
- Måltid. Viktig med gode samtaler, vise vanleg bordskikk t.d. behandle maten skikkeleg, vente på tur og sitte med bordet til ein er ferdig å ete.
- Av/påkledning. La barna få kle på det dei greier sjølve. Dei som treng hjelp må øve på å vente på tur, til ein voksen kan hjelpe.
- Do-gåing/bleieskift. La borna få bruke den tid dei treng på badet. Oppmuntre til å sitte på do/potte. Minne borna på handvask etter dobesøk.
- Leik. Gjennom leik og i møte med andre born og voksne lærer borna korleis ein skal vere mot kvarandre. Vi voksne skal veilede og hjelpe borna i konflikter.

Vil også bruke god tid til at alle på avdelinga (både born og voksne) skal bli godt kjende med kvarandre. Vi skal vise at vi bryr oss om kvarandre. Sette oss inn i kvart enkelt born sin familie og nære personar. Dette ved å la barna få fortelje sjølve og ved å sjå i "bøkene" som foreldra har laga til barna.

### **Okt/nov: Kropp, rørsle og helse.**

- Snakke om dei ulike kroppsdelane, kva dei heiter og kva funksjon dei har.
- Ha fokus på Stor og Liten.

- Snakke om kva vi må ha på oss når vi skal ut.
- Bevege oss/danse til musikk.

### **Desember: Jul**

- Lage nokre julegåver
- Julebakst
- Nissfest
- Julebord med barna
- Fellessamling i lag med dei andre avdelingane.
- Julefortellingar

### **Jan/feb/mars: Kunst, kultur og kreativitet**

- Fortelje og dramatisere eventyr.
- Alle avdelingane kjem til å ha fokus på Dyra i Hakkebakkeskogen i januar og februar. Vi vil studere dei ulike figurane/dyra i Hakkebakkeskogen og lære oss namna på dei. Ta føre oss nokre av dyra og snakke om dei. Synge og kanskje lære oss nokre av songane. Lage enkle kostymer til karnevalet.
- Påskeaktivitetar

### **April/mai/juni: Nærmiljø og samfunn**

- Gå turar i nærmiljøet. Gjere barna kjende med kva vi har i nærmiljøet rundt barnehagen vår (Golvsengane barnehage, sjukeheimen, Mehltonet, hestesenteret, operahuset, kyrkja, barneskulen, Sjøgata, Eidsgata osv.)
- Sjå etter vårteikn. Vi snakkar om dei endringane vi ser ute, lære namn på blomstrar, fuglar og andre dyr vi ser når vi er ute i barnehagen og på tur.

### **Under kvar bolk skal vi òg ha fokus på Språk og musikk:**

Vi vil lage oss til ein bildeperm av daglegdagse ting/bilder i frå barnehagekvardagen vår. For eksempel mat, ulike klesplagg, leikar, ting vi ser

rundt oss. Dette vil hjelpe barna til å få betre begrepsforståing og auka ordforråd. Vi vil fortsette å bruke litt tegn til tale. Vi syng mykje saman med barna. Kvar månad velger vi ut nokre sangar som passar til tema vi held på med.

## MARIHØNA

Dette barnehageåret har vi 18 barn på Marihøna; 7 gutar og 11 jenter. Dei er fordelt slik på dei ulike alderstrinna:

- 4 "Solsikker" som er født i 2009 ( 2 gutar og 2 jenter)
- 7 "Blåklokker" som er født i 2008 ( 1 gut og 6 jenter)
- 7 "Rødkløvera" som er født i 2007 ( 4 gutar og 3 jenter)



Vi har delt året inn i 5 temabolkar. Nedanfor har vi sett opp punkt som vi vil jobbe med under kvart tema.

I tillegg vil vi gjennom året følgje med på årstidene, og det som særmerkjjer kvar av dei. Vi vil også jobbe med tema som brannvern og trafikktryggleik.

### Tema "Sosial kompetanse"

- Tid: august - september, dette temaet jobbar vi vidare med gjennom heile året.
  - Vi legg vekt på at alle skal ha leikekameratar i barnehagen, og at barna skal ta med kvarandre i leiken.
  - Vi legg vekt på å vise omsorg, ta vare på kvarandre og hjelpe og dele med kvarandre.
  - Vi legg vekt på å få til gode fellesopplevingar.
- Dette gjer vi gjennom å dele gruppa i mindre leikegrupper og turgrupper, eller lage til fellesturar for heile gruppa
- Vi har samlingar i mindre grupper med ulike tema innan sosial kompetase.
- Vi tar opp ting som skjer i lag med barna her og no, og hjelper og støttar dei i konfliktløysingar.

### Tema "Kropp, rørsle og helse"

- Tid: september/oktober - november
  - Vi legg vekt på å gje barna varierte erfaringar gjennom fysisk aktivitet, og vi har fokus på sunt kosthald.
- idrettsdagar med lengdehopp, stafettar og ballkasting.
- songleikar og regelleikar
- hinderløype både ute og inne
- skattejakt på uteområdet og i Hogstfeltet

- turar i skogen og nærmiljøet
- klatreveggen på Mehltonet
- Karius og Baktus teater
- Besøk av tannpleiar
- Sunn mat til måltidet
- Middagar i staden for kaker til bursdagsfeiring
- Fruktmåltid med knekkebrød og skive til
- Kva skjer med maten vi puttar i munnen? Det skal vi prøve å finne ut ved å
  - låne ulike bøker på bilbioteket
  - sjå på bilder, og filosofere
  - besøke biologilabben på Eid vidaregåande.

### **Tema "Jul"**

Tid: desember

- Vi legg vekt på at adventstida skal vere ei roleg tid, sjølv om det er mange aktivitetar som er knytt opp imot denne månaden.
- Vi vil formidle juletradisjonar som:
  - samlingar med ulike juleforteljingar, julesongar, peparkake-hjerte-kalender og Pulverheksa og julenissen.
  - juleevangeliet og adventstund i kyrkja
  - Lucia, nissefest, baking, julekort, julepynt og litt julegåver

### **Tema "Kunst, kultur og kreativitet"**

Tid: januar - mars

- Desse tre månadane skal vi til Hakkebakkeskogen og treffe Klatremus og reven, og vi skal blant anna
  - dramatisere songar og historier frå Hakkebakkeskogen
  - vi lagar vår eigen Hakkebakkeskog på avdelinga
  - vi skal bli kjend med Egner som har skreve om Klatremus
  - vi skal lage oss kostyme til karnevalet

### **Tema "Nærmiljø og samfunn"**

Tid: april - mai

- Desse to månadane skal vi bruke til å sjå kva vi har i nærmiljøet vårt. Vi vil
  - besøke ulike bedrifter på Eid
  - lære litt om lokalhistorie; vikinghaugane-Myklebustfunna
  - la Tarkus lære oss om trafikktryggleik

## SOMMARFUGLEN



Dette barnehageåret har vi 16 barn på avdelinga;

- 3 Revebjeller ( fødde i 2010) 3 gutar
- 3 Solsikker ( fødde i 2009) 2 jenter og 1 gut
- 4 Blåkløkker ( fødde i 2008) 4 gutar
- 6 Rødkløverar ( fødde i 2007) 2 gutar og 4 jenter

Vi har i år delt barnehageåret inn i 5 temabolkar, der kvar temabolk er eit fagområde. (jmf. Rammeplanen for barnehagen sitt innhald og oppgåver -11). I tillegg vil vi ha fokus på, og leggje opp til aktivitetar som er knytte opp mot språkstimulering, kommunikasjon og musikk i kvar temabolk. Det må og nemnast at vi i tillegg til dei ulike temabolkane kjem til å ta opp tema/emne som er knytte opp mot dei ulike årstidene, som t.d. trafikktryggleik og brannvern i oktober/november.

**Tema for dei ulike bolkanne:**

### **August – September: Sosial kompetanse**

Vi legg vekt på å vise omsorg og empati overfor kvarandre, ta vare på kvarandre, hjelpe og dele med kvarandre. Fokuset innan dette tema vil vere;

- å vere mot andre slik vi vil at andre skal vere mot oss i ulike situasjonar, og i den vanlege barnehagekvardagen.
- Basar med fokus på at «barn hjelper barn».
- Arbeide for å vise kvarandre tillit og respekt, som bidreg til trivsel og glede både for store og små.
- Samlingar, der vi tek opp ulike tema innan sosial kompetanse.

Dette temaet vil vere gjennomgåande gjennom heile året i større eller mindre grad.



## **Oktober - November: kropp, rørsle og helse**

- Vi legg vekt på å gje borna gode fyrstehandserfaringar med varierte og allsidige rørsler og utfordringar, som t.d. turar i skog og mark og gym i idettshallen, og eventuelt klatreveggen på Mehltunet.
- Positiv sjølvoppfatning gjennom kroppsleg meistringsopplevingar.
- Matvanar/tannhelse i samband med Karius og Baktus teater
- Sanseseleikar.

## **Desember: Advent og jul**

- Vi vil leggje vekt på at adventtida skal vere ei roleg tid.
- Vi vil formidle juletradisjonar gjennom samlingar med ulike juleforteljingar, julesongar, juleevangeliet.
- Skape interesse og forståing for ulike måtar å feire jul på/ikkje feire jul.
- Adventstund i kyrkja
- Lucia, nissefest, kakebaking, julekort, julepynt og julegåver.

## **Januar - Mars: Kunst, kultur og kreativitet.**

Under dette tema er det lagt nokre føringar for innhaldet. Det gjennomgåande temaet i denne perioden blir « Hakkebakkeskogen».

- Bli kjend med Torbjørn Egner som barnebokforfattar.
- Songar, spel og litteratur om Hakkebakkeskogen
- Bli kjend med dei ulike dyra i Hakkebakkeskogen
- Vaksenteater
- Barnedramatisering
- Lage kostyme til karneval, inspirert av Hakkebakkeskogen

## April (etter påske) - juni: Nærmiljø og samfunn

Borna skal her få utforske og oppdage nærmiljøet sitt, og sjå samanhengen mellom det og samfunnet gjennom:

- Gardsbesøk; Vi ser korleis sauer blir klipt.
- Toving i fjæra
- Turar til Skjoratippen, Jektehola og Hogstfeltet
- Besøk av arbeidsplassar til foreldre.

## FØRSKULEGRUPPE:

På Sommarfuglen og Marihøna har vi i år tilsaman 13 born skal begynne på skulen hausten 2013. Å ha ei eiga førskulegruppe er veldig kjekt, og motivasjonen for å lære både tal, bokstavar og bli utfordra på ulike oppgåver er stor. Dette kan t.d. vere oppgåver som har fokus på storleikar, ulikskapar, fargelegging, klippe og lime oppgåver, sansleikar og lytteøvingar. I tillegg til dei oppgåvene/aktivitetane vi har i denne gruppa, les vi også alltid ei bok, og har ulike element av språkleik.



### I førskulegruppa legg vi vekt på å:

- Kunne ta imot beskjedar
- Lytte til andre-ikkje berre fokus på seg sjølv
- hjelpe kvarandre
- Formidle noko til andre, verbalt eller kroppsleg (miming)
- Språkleikaktivitetar som rim og reglar, vitsar og gåter, finne rytma i ord, lytte ut lydar, dele opp ord
- Bli kjende med symbol (tal og bokstavar)
- Blyantgrep
- Øve på å skrive namnet sitt
- Øve på å klippe
- Øve på/lære spelereglar i ulike spel

## AKTIVITETAR FOR ALLE I LØPET AV BARNEHAGEÅRET

Har er ei liste over faste arrangement i barnehageåret:

- **Rikskonsert/** andre forestillingar kjem 1-2 gonger i året. Dei barna som har fri kan kome i den tida konserten er. Tysdag 25.september kjem teater om Karius og Baktus hit til barnehagen.
- **Fotografering** - gruppe- og portrettbilde på hausten (Truleg veke 39)
- **Kafe/Basar** i tilknytning til FN dagen. Innsamling til fadderbarnet vårt, Barno. I år er det basar 24.10.
- **Lucia-feiring** - vi går Lucia opptog på Eid sjukeheim. Vi bakar Lussekattar til denne dagen.
- **Adventsamlingar** - kvar måndag i desember har vi felles adventsamling for alle tre avdelingane. Kvar avdeling har ansvar for ei fellessamling.
- **Adventstund i Eid kyrkje** (barn som har fri kan vere med med følgje av ein vaksen.)
- **Julebord for barna** - vi pyntar oss og går på hotellet og et god mat og dessert. 11.desember
- **Lucia feiring på sjukeheimen 13.desember.**
- **Nissefest med julegraut 20.12.** - Vi kler på oss nissehue, går rundt juletreet, et graut og kanskje kjem nissen????
- **Barnehagen sin bursdag er 25.januar.** Vi kjem nærare tilbake til korleis denne feiringa vil skje.
- **Karneval** - Tema for årets karneval er «Hakkebakkeskogen». Vi lagar kostymer som er knytte opp i mot tema og brukar desse på karnevalet.
- **Vårfest** - barnehagetog i Eidsgata
- **Jonsok feiring** - Vi plukkar blomster, kler ut jonsokbrurepar og går på besøk til sjukeheimen der vi deler ut små blomsterbukettar og syng og underheld dei som bur der.
- **Dugnad**
- **Sommarfest** - dette er eit samarbeid mellom barnehagen og samarbeidsutvalet. Dei som skal slutte i barnehagen får ein liten overaskelse. Kos og grilling etterpå.



Det kjem alltid tilbod om ulike arrangement vi kan vere med på gjennom året, dei vert vurdert i kvart enkelt tilfelle.

Det kan bli tatt ein liten eigenandel på enkelte aktivitetar. (Julebord og kino)

Gjerdane barnehage har valt å ikkje la nokon henge opp plakatar eller dele ut noko til barna om aktivitetar som er på fritida. Dette fordi det høyrer privatlivet til og at ein ikkje skal føle seg pressa til å delta.

